

## Merete Husabø Nornes

---

**Emne:** VS: Uballanse i inntaket til vg1 bygg og anleggsteknikk.

----- Forwarded message -----

From: **Einar Myklebust** <[Einar.Myklebust@sfj.no](mailto:Einar.Myklebust@sfj.no)>

Date: 2016-03-29 21:13 GMT+02:00

Subject: Uballanse i inntaket til vg1 bygg og anleggsteknikk.

To: Anders Ryssdal <[Anders.Ryssdal@sfj.no](mailto:Anders.Ryssdal@sfj.no)>, Alfred Bjørlo <[alfred.bjorlo@gmail.com](mailto:alfred.bjorlo@gmail.com)>

Fylkesrådmannen tilrår til møtet i morgon at inntaket til vg1 bygg- og anleggsteknikk vert redusert til 1 gruppe ved Stryn vgs. Ved Måløy vidaregåande skule vert tilbodet om Vg2 byggfag teke bort. I sum betyr dette ein dramatisk reduksjon for Nordfjord sitt vedkomande, eit område som har mange av dei 55 ledige læreplassane i byggfaga i fylket.

Samstundes aukar Fylkesrådmannen i si innstilling talet på grupper i Sogndal med 2, og ved Mo og Øyrane er tilrådinga at antal grupper vert auka frå 4 til 5.

Ser vi på søkjartala, finn vi interessante tal:

Stryn - 12 primærskolar + 6 med ungdomsrett ; forslag om reduksjon" fordi der i klasse 2 ikkje er 8 skolar"

Flora - 10 primærskolar + 8 med ungdomsrett - held fram med 2 grupper; **ingen kommentar i saksframlegg = 2 grupper**

Sogndal - 31 primærskolar + 27 med ungdomsrett "frå andre og tredje val" - aukar frå 3 til 5 grupper

Mo og Øyrane - 46 primærskolar (4 grupper), men aukar med ei gruppe frå "andre og tredje val".

**Fylkesrådmannen har ei svært uklar linje i si tilråding.**

Stryn og Flora er heilt samanliknbare på vg1- nivå (18 skolar til 2 grupper), Stryn har 2 fleire primærskolar.

Flora held fram som før - Stryn skal redusere med ei gruppe. **Kvifor**

Sogndal har 31 primærskolar - til ca 3 klasser - men tek altså inn frå 2 og 3 val, slik at skulen vil få 5 grupper.

Mo og Øyrane får ei ekstra klasse ved hjelp av "andre- og tredjeval".

I Sogn og Sunnfjord "aukar rådmannen opp" ved å ta inn elevar som eigentleg har søkt andre yrkesfag. I Nordfjord hindrar ein 6 elevar i å starte på det som er førstevealet - sikrar heller ikkje desse elevane ved å "ta inn" andrevalselevar.

I tillegg vert Flora og Stryn behandla heilt ulikt sjøl om søkjartal er det same.

Innstillinga frå Rådmannen er dramatisk for regionen Nordfjord. Alle elevane frå Byggfag har/får læreplass. Utdanningane i Stryn og Måløy har høg kvalitet. Der er ingen grunn til, utfrå etterspurad etter arbeidskraft/lærlingar, å byggje ned utdanninga i Nordfjord og auke den opp i Sogn og Sunnfjord (Sogn; 5 grupper, Sunnfjord 7 grupper, Nordfjord 2 grupper)

Der er pr dato eit godt samarbeid mellom dei vidaregåande skulane i Nordfjord. Verknadane etter den strukturelle omfordelinga av yrkesfaga har "sett seg". No henvender eg meg som plasstillitsvald i Utdanningsforbundet ved Stryn vgs til dokke som politikarar frå Nordfjord og ber om at denne nedbygginga av dette viktige faget vert stansa. Stryn bør ha 2 grupper, **i alle fall 1,5 gruppe slik at alle som hadde det som førsteval får plass**. I tillegg bør der stillast ressursar til disposisjon slik at vg2 elevane i Måløy får eit tilbod i Nordfjord.

Mvh

Einar Myklebust

- plasstillitsvald Udf-